

**Sakshandsamar:**

Idar Sagen  
E-post: idar.sagen@sfj.no  
Tlf.: 57 88 47 54

**Vår ref.**

Sak nr.: 14/492-18  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internett l.nr.**

15632/14

**Dykkar ref.**

200806553-16, ..

**Dato**

LEIKANGER, 19.05.2014

NVE  
Postboks 5091, Majorstuen

0301 Oslo

## Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar - Jølsterpakken

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 14.05.2014 som sak 45/14 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen ser at det alt er bygt ut mange kraftverk både i Jølster og Gloppen og at det i «Jølsterpakken» er lagt fram seks nye småkraftprosjekt i Jølster og eitt i Gloppen. Fylkeskommunen meiner likevel at landskapsrommet i området er stort, og at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudinntrykket av landskapet. Samla ulemper frå alle dei aktuelle prosjekta for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv er vurdert til å vere moderate, men ulempene varierer frå prosjekt til prosjekt.
2. Fylkeskommunen har vesentlege merknader til fire av prosjekta: Kupekraft, Åmot, Driva og Paulen. Negative konsekvensar av utbyggingsframlegget vil først og fremst merkast lokalt, men for Kupekraft, Åmot og Driva vil dei merkast også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser.
3. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Øvrebø, Helgheim og Neselva II kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår:
  - 3.1. For Øvrebø kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.
  - 3.2. For Helgheim kraftverk skal det leggast stor vekt på støydemping ved kraftstasjonen og tilpassing i høve til landskap og bygningsmiljø.
  - 3.3. For Neselva II kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.
4. Fylkeskommunen meiner at det må seiast nei til utbyggingsforslaget for Kupekraft kraftverk basert på rørgate og anleggsveg vest for Såtehaugen. Om det skal gjevast løyve til utbygging, må dette baserast på at vassvegen vert lagt i fjell. Av omsyn til landskap og brukarinteresser, må det sleppast meir vatn enn alminneleg lågvassføring (50 l/sek) frå inntaket. Fylkeskommunen foreslår 300 liter/sek.
5. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Åmot kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Om det likevel skulle bli gitt konsesjon for Åmot må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 1,5 m<sup>3</sup>/sek.
6. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Driva kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og rår til at konsesjon vert gitt.
7. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Paulen kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er m.a. lagt vekt på at det regionalt viktige kulturminnet «Den trondhjemske postveg» går gjennom tiltaksområdet og at det fleire stader er direkte fare for å øydelegge dette kulturminnet.

Med helsing  
Svein Arne Skugge Hoff  
fylkesdirektør

Idar Sagen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg: Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding.

Mottakar (ar)

NVE Postboks 5091, Majorstuen 0301 Oslo

